



Inge Herman Rydland  
Knapstadveien 18  
1823 KNAPSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2349 - 14/13495

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.06.2014

## Løyve til tiltak utan ansvar - gbnr 173/3 Rydland.

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Inge Herman Rydland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om reparasjon og ombygging av gjødselkjellar i driftsbygning på gbnr 173/3. Det skal leggjast golv i gjødselkjellaren og taket skal hevast med 1,20 m ved yttervegg. Ytterveggen skal kleast med trepanel og det skal setjast inn vindauge for å få lys. Taket på heile bygningen skal skiftast ut. Tiltaket vil ikkje føra til endring av bebygd areal.

Det vert vist til søknad motteken 14.04.2014 og dokumentasjon elles i saka.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt.  
Supplerande dokumentasjon er mottatt 02.06. og 06.06.2014.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.06.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert LNF-føremål med omsynssone landbruk. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med arealføremålet.

#### Dispensasjon:



Tiltaket krev dispensasjon frå fastsett byggjegrænse langs fylkesveg 401, jf punkt 1.6 i føresegnene til kommuneplanen.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Statens vegvesen har i skriv av 31.03.2014 gjeve uttale til nabovarslinga. Dei skriv:

*«Statens vegvesen kan ikkje se at ombyggingen av deler av driftsbygning/gjødselkjeller vil føre til vesentlige ulemper for drift og vedlikehold av fylkesvegen .»*

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.03.2014.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Omsøkte tiltak medfører ingen endringar når det gjeld vatn og avløp.

#### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Omsøkte tiltak medfører ingen endringar når det gjeld tilkomst, avkjørsle og parkering.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **VURDERING:**

##### **Dispensasjon:**

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense langs fylkesveg, jf føresegnene til kommuneplanen punkt 1.6, og krev følgjeleg dispensasjon.

Minste avstand til midt av offentlig veg er opplyst å vere 12 meter, jf revidert søknad mottatt 06.06.2014.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til vesentlege ulemper for drift og vedlikehold av fylkesvegen, jf skriv av 31.03.2014. Tiltaket vil ikkje medføra auke i bebygd areal og vil ikkje koma nærare fylkesvegen enn i dag.

Kommunen finn å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse langs veg slik det er søkt om.

##### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

##### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesveg 401 for omsøkte tiltak.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 b vert det gjeve løyve reparasjon og ombygging av gjødselkjellar i samsvar med søknad mottatt 14.04.2014 supplert 02.06. og 06.06.2014 og på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal utformast i samsvar med teikningar mottatt 11.03.2014.**
- 2. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.03.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2349.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om

ending, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrsløp.
3. Avkøyrsløp til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	Kr 6 200,-
9.1.5	Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift	1	Kr 8 500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 14 700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Statens Vegvesen

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

**Mottakarar:**

Inge Herman Rydland

Knapstadveien 18 1823

KNAPSTAD